



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
48/2019	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	11.06.2019
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ann Kristin Bolstad		19/638

### UTVIDA OPNINGSTID I SFO VED SKULANE I VAKSDAL

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret opprettheld opningstid i skulefritidsordninga, kl. 07.30 – 16.00. Der meir enn 50 % av borna ved ei skulefritidsordning eller minst 6 (4 på Stamnes) born (det av kriteria som inntreff fyrst) har behov for det skal opningstida utvidast. Foreldrebetalinga vil, for desse borna, verta utvida med den til ei kvar tid gjeldande timesats for SFO.

#### Saksopplysningar:

##### Kort om saka

Kommunestyret har bedt om ei utgreiing om å utvida opningstida i skulefritidsordninga til kl 17.00. Saka vil belyse:

- opningstider slik dei er i dag
- konsekvensar i høve foreldrebetaling
- behov for bemanning

##### Heimel

Kommunestyret i Vaksdal vedtok i møte 4. mars 2019 sak 11/2019 om foreldrebetaling i skulefritidsordninga:

*Kommunestyret godkjenner følgjande satsar for foreldrebetaling for skulefritidsordninga (SFO) i 2019:*

- *Timepris i SFO er kr. 27 i 2019*
- *Søskkenmoderasjon med 30 % for barn nummer to og 60 % for barn nummer tre og fleire, skal gjelde uavhengig om barn frå same hushalninga går i barnehage eller SFO*
- *Foreldre har rett til redusert pris om makspris for plass i SFO er høgare enn 6 prosent av den samla inntekta til hushaldninga, eller den samla inntekta til hushaldninga er lågare enn 533.500 kroner*

*Levekårsutvalet ber om ei evaluering av ordninga før budsjettprosessen 2020 kjem i gang.*

*Kommunestyret ber om eige sak gjeldande utvida kjernetid SFO til kl. 16.30 og 17.00 inkludert eit kostnadsoverslag, til handsaming av økonomiplanen juni 2019.*

## Bakgrunn for saka

Ved godkjenning av satsar for foreldrebetaling for skulefritidsordninga (SFO) i 2019 vart det lagt fram eit oversendingsframlegg som vart vedteke i same sak. Oversendingsframlegget ber om ei eige sak om utvida kjernetid SFO til kl. 16.30 og 17.00 inkludert eit kostnadsoverslag, til handsaming av økonomiplanen juni 2019.

Føringane for opningstid i skulefritidsordninga (SFO) ved skulane i Vaksdal er i dag som følgjer:

- SFO har ope før og etter undervisningstida
- Det skal vera minst 6 søkjarar for å oppretta SFO-tilbod i ein krins
- Opningstida er i utgangspunktet kl. 07.30-16.00 på Stanghelle, Vaksdal, Dale og Stamnes. I særlege høve kan det avtalast andre opningstider (om ein t.d. må tilpassa opningstider til bussruter)
- Dersom meir enn 50 % av borna ved ei skulefritidsordning eller minst 6 (4 på Stamnes) born (det av kriteria som inntreff fyrst) har behov for det skal opningstida utvidast. Foreldrebetalinga vil, for desse borna, verta utvida med den til ei kvar tid gjeldande timesats for SFO

Praksis har vore å ha tilbod om å kunne søkje utvida opningstid både morgon, kl. 07.00 – 07.30, og ettermiddag, kl. 16.00 – 16.30. Utvida tid både morgon og ettermiddag ved 100 % plass utgjer om lag 600 kr. pr. mnd.

Det er varierende frå år til år og skule til skule om det er utvida opningstid, anten morgon, ettermiddag eller begge tidene. Ved utvida opningstid får ikkje skulane auka ressursar. Rektorane på den enkelte skule må disponera dei fagarbeidarane/assistentane dei har tilsett til ei kvar tid for å dekke bemanning på SFO. Ved utvida opningstid er det dei allereie tilsette fagarbeidarane/assistentane som dekker tida i SFO.

Dei tilsette i SFO er fagarbeidarar/assistentar, og dei fleste arbeider både i SFO- og undervisningstida. Bemanninga i SFO vert sett med bakgrunn i tal born som går der og kor lenge SFO har ope. I undervisningstida er fagarbeidar-/assistentressurs knytt til elevgrupper eller enkeltelevar som treng ekstra oppfølging av ein vaksen. Ved utvida opningstid vert fagarbeidar-/assistentressursen redusert tilsvarande utvida tid i undervisningstida.

## Vurdering

Alle skulane har idag tilbod om utvida tid i SFO og ved søknad kvart år vert det meldt om behov for kor mange som ynskjer utvida tid det aktuelle året. Det er varierende om det vert utvida tid frå år til år, og frå skule til skule, basert på om det er tilstrekkeleg mange som søkjer om utvida opningstid. Dette fører til at opningstida endrar seg årleg, og det er ikkje same opningstida i alle SFOane.

Fordelen med behovsprøvd utvida opningstid er at dei foreldra som har behov for utvida tid får det og betalar for det, medan dei som ikkje har behov for utvida tid slepp å betala for SFO-tid som dei ikkje har behov for eller nyttar. Utfordringane melder seg når det er for få som ynskjer utvida tid. Då må dei som har behov for utvida tid i SFO til borna finne andre løysingar for tilsyn med borna i den aktuelle tida.

Ved å utvida den ordinære opningstida frå kl. 07.30 – 17.00 får alle som nyttar SFO ein ekstra kostnad på om lag kr. 600 pr. mnd. Dette kan opplevast som ei stor auke for foreldra om dei ikkje har behov for denne opningstida. Ved å nytte utvida opningstid kl. 16.00 – 17.00 for foreldre som melder behov, med same føringar med tal born som idag, vil auka betaling berre gjelda foreldre som ynskjer å nytta denne tida.

Når det gjeld bemanning ved ordinær opningstid i SFO til kl. 17.00 kvar dag, vil det bety behov for auke i bemanninga med fem timar kvar veke. Til saman ved dei fire skulane med SFO vil det utgjera behov for bemanning i tjue timar meir enn i dag.

Kostnaden vil vera avhengig om utvida tid kan dekkast av bemanninga som allereie er tilsett på den enkelte skule eller om ein må auke bemanninga for å dekkja ei redusert tid med fagarbeidar/assistent i undervisningstida. Ei utfordring med auka bemanning i SFO er at tilsette som skal ha arbeidstid berre i SFO vil få små stillingar. Arbeidstida kvar dag vert kort, og den vil vera midt på dagen. Dei fleste fagarbeidarane/assistentane skulane har i dag har 100 % stilling, eller tett opp mot 100 % stilling.

Samla sett vil ei utviding av tida med ein time auka behov for bemanning med om lag ein 100 % stilling. Ved å dekkja den ekstra tida med allereie tilsett bemanning vil ein forskyve arbeidstida til den enkelte arbeidstakar, der nokon startar arbeidsdagen seinare. Det vil seie at tilsette som arbeider både i skule og SFO startar seinare i undervisningstida. Konsekvensen vil då vera lågare bemanning i undervisningstida enn det som er tilfelle i dag.